

Finansutvalet, 4.november 2015 Fylkeshuset

Budsjett 2016/Økonomiplan 2016-19; Arbeidsdokument 7/15

Vedteken budsjettprosess legg opp til at finansutvalet skal kome med si endelege tilråding til budsjett 2016/økonomiplan 2016-19 i møtet 4. november.

I dette arbeidsdokumentet kjem fylkesrådmannen med framlegg til saldert budsjett 2016/økonomiplan 2016-19. Framlegget bygger på vedteken økonomiplan 2016-19, jf. FT-sak 26/15 og påfølgjande arbeidsdokument 5/15-7/15 til finansutvalet.

Fylkesrådmannen vil tilrå at det «nye» finansutvalet legg denne plattformen til grunn for sitt framlegg. Dette kan i praksis gjennomførast ved at finansutvalet i dette møtet:

1. Tek stilling til tilrådingane i arbeidsdokument 7/15.
2. Kjem med eventuelle framlegg til endringar/presiseringar.
3. Gjer vedtak om å fremje salderingsopplegget som følgjer av arbeidsdokumenta 5-7/15 – med dei endringar som ev. vert presiserte – som finansutvalet si tilråding til budsjett 2016/økonomiplan 2016-19. Framlegg til vedtak er skissert i pkt. 5 i dette arbeidsdokumentet.

1 ENDRINGAR SOM FØLGJE AV FRAMLEGG TIL STATSBUJSJETT 2016

Finansutvalet vart 12. oktober orientert om hovudpunkta i statsbudsjettet. Presentasjonen som låg til grunn for orienteringa har status som arbeidsdokument 6/15 og følgjer som vedlegg 1.

Det er behov for å endre nokre element som følgjer av nye vurderingar i etterkant av arbeidsdokument 6/15. Endringane er kommenterte i dette punktet. Er det behov for ytterlegare utdjuping av enkelte punkt i presentasjonen (a-dok 6/15), kan dette takast direkte i møtet 4. november.

1.1 Rammetilskot og skatt

Fylkesrådmannen har no vurdert rammetilskotet for 2017-2019 basert på oppdaterte folketals- og elevtalsprognosar. Grunnlaget for prognosane er faktisk folketal per 1. juli 2015 på 109.448 for Sogn og Fjordane og 5.189.520 for landet.

For folketalsutviklinga samla er det lagt til grunn at landet aukar årleg med 60.000 og Sogn og Fjordane fylke med 300. For elevtalsutviklinga (16-18 år) har vi lagt til grunn SSB sine framskrivingar i middelalternativet MMMM.

	01.07.2012	01.07.2013	01.07.2014	01.07.2015	01.07.2016	01.07.2017	01.07.2018
S og Fj	108 422	108 822	108 980	109 448	109 800	110 100	110 400
herav 16-18 år	4 802	4 807	4 751	4 655	4 430	4 426	4 404
landet	5 016 429	5 077 585	5 137 663	5 189 520	5 250 000	5 310 000	5 370 000
herav 16-18 år	194 746	196 851	196 048	195 365	194 861	194 630	193 549
andel folketal	2,16	2,14	2,12	2,11	2,09	2,07	2,06
andel 16-18 år	2,47	2,44	2,42	2,38	2,27	2,27	2,28

Tabellen viser er vår relative del av folketallet vil gå noko ned i heile perioden, medan vår del av 16 – 18 åringane vert sterkt redusert i 2016 for så å stabilisere seg og dels auke i slutten av perioden. Dette er ei betring i folketals- og elevtalsutviklinga for fylket vårt sett i høve til føresetnaden i gjeldande økonomiplan. Den justerte prognosen gjev grunnlag for å endre dei frie inntektene slik:

	2016	2017	2018	2019
Ny prognose frie inntekter	2 311,1	2 254,1	2 225,1	2 196,5
Prognose frie inntekter a-dok 6/15	2 311,1	2 254,6	2 219,1	2 177,9
Endring frie inntekter	0,0	-0,5	6,0	18,6

Tilråding

Ny prognose for frie inntekter vert innarbeidd i det økonomiske opplegget.

1.2 Rammekonsekvensar av reduksjon i KMD-midlane

I framlegget til statsbudsjett for 2016 ligg det inne 70,9 mill. kr i utviklingsmidlar til fylkeskommunen. 7 mill. kr er tiltenkt omstillingsarbeid i kommunane. I 2015 fekk vi 73,7 mill. kr, der 9 mill. kr var knytt til omstilling i kommunane.

Førebels oversikt over KMD-midlane syner såleis ein nominell reduksjon på 2,8 mill.kr, medan manglande prisomrekning utgjer om lag 2 mill. kr i tillegg. Dette gjev ein realnedgang i KMD-midlane på 4,8 mill. kr i høve fjoråret.

I praksis har fylkeskommunen nytta KMD-midlane til å finansiere aktivitet innafor den tidlegare sektoren plan og næring. Endringar i KMD-midlane har som hovudregel ført til tilsvarande endringar i denne sektorramma. Dette vart også lagt til grunn i arbeidsdokument 6/15.

Fylkesrådmannen er no komen til at det er vanskeleg å justere ned aktiviteten på dette området meir enn det som alt er føresett i 2016. Det vert difor tilrådd at sektorramma til tidlegare plan og næring vert vidareført på nominelt same nivå i 2016 og at dette meirforbruket av driftsmidlar vert finansiert via salderingsbalansen. Med bakgrunn i den store og dels uavklarte salderingsutfordringa fylkeskommunen står overfor, finn fylkesrådmannen det rett at ei eventuell vidareføring for seinare år vert vurdert som ein del av økonomiplanarbeidet våren 2016.

Rammereduksjonen på 2,8 mill. kr frå 2017 er fordelt høvesvis mellom området plan og området næring ved naudsynt splitting av desse rammene, jf. ny politisk organisering.

Tilråding

Sektorramma som låg til grunn for tidlegare plan og næring vert nominelt vidareført på budsjettet nivå i 2016. Ramma frå 2017 vert redusert med 2,8 mill. kr. Reduksjonen vert fordelt høvesvis mellom området plan og området næring.

1.3 Musea i Sogn og Fjordane - Måløyraidsenteret

I framlegg til statsbudsjett er det lagt inn ein auke i det ordinære driftstilskotet til Musea i Sogn og Fjordane på 1,2 mill. kr, inkludert 0,6 mill. kr til drift av Måløyraidsenteret. Heile løyvinga inngår i

staten sin 60%-del av det offentlege tilskotet til Musea i Sogn og Fjordane. I vårt budsjettopplegg er den fylkeskommunale løyvinga til musea prisjustert. Dette svarar til den regionale delen av føresett prisjustering. Det er ikkje lagt inn auka løyving i høve midlane til Måløyraidsenteret. Den samla fylkeskommunale/kommunale delen av driftstilskotet til Musea i Sogn og Fjordane ligg no under 40% av den statlege finansieringa. Dette vil på sikt utfordre det statlege nivået på driftstilskotet til Musea i Sogn og Fjordane.

I tillegg har fylkeskommunen i sitt budsjettopplegg redusert det årlege driftstilskotet til Musea i Sogn og Fjordane, med forventning til at kommunane skal auke sin del av tilskotet tilsvarande. Musea har førebels måtta ta 1,1 mill. kr av denne reduksjonen gjennom eigne innsparingstiltak, og prosessen mot kommunane er enno ikkje avslutta. Slik fylkesrådmannen ser det, må styret for musea no vurdere om utsiktene i den samla driftsøkonomien tillet å ta på seg drifta av ei ny eining.

Om Musea i Sogn og Fjordane sin konklusjon er at ein gjennom den statlege løyvinga kan ta på seg drifta av Måløyraidsenteret, vil Musea i Sogn og Fjordane kunne søkje fylkeskommunen om eit investeringsstilskot for å få på plass dei siste 0,8 mill. kr for å realisere senteret.

Tilråding

Musea i Sogn og Fjordane må gjere ei vurdering av om den samla driftsøkonomien tillet å ta på seg drifta av Måløyraidsenteret.

Med grunnlag i ei slik vurdering vil fylkeskommunen kunne handsame ein ev. søknad om investeringsstilskot for å få på plass dei siste 0,8 mill. kr for å realisere Måløyraidsenteret.

2 ANDRE SAKER

2.1 Konsekvensar av ny politisk organisering

Den nye politiske organiseringa er no sett i verk. I budsjettsamanheng er det to sektorar med tilhøyrande 3 fagområde som vert påverka av den nye organiseringa. Dette gjeld sektoren plan og næring, med sine to fagområde, samt sektoren kultur. Nedanfor vil vi kort gjere greie for endringane i budsjettopplegget og tilhøyrande «budsjettbok» som følgje av den nye politiske organiseringa.

I budsjettsamanheng vert kontoplanen splitta opp i sektorar med grunnlag i kva politisk nivå og hovudutval som får ansvar for å følgje opp dei ulike områda. I den nye organiseringa fell hovudutval for plan og næring bort. Den tilhøyrande sektoren vert delt slik at fylkesutvalet førebels får ansvar for plandelen og det nye utvalet Næring og kultur (HNK) får næringsdelen. Det nye utvalet får i tillegg ansvar for kultur. Den politiske kontoplanen vert elles ikkje påverka av omorganiseringa

Med grunnlag i dette tilrår fylkesrådmannen at det vert gjort følgjande endringar i budsjettreglementet, sektorinndelinga og tilhøyrande budsjetttrammer:

- Plandelen av tidlegare plan og næring vert flytta til sektoren politisk styring og forvaltning. Den utvida sektoren får namnet «Politisk styring, plan og forvaltning». Tilhøyrande programområde 715 og 716 vert flytta inn under denne sektoren.
- Sektoren plan og næring går ut.
- Sektoren kultur går ut.
- Det vert oppretta ny sektor; næring og kultur. Tilhøyrande programområde 701 (næring) og 740-790 (kultur) vert plassert under denne sektoren.
- Hovudutval for næring og kultur (HNK) overtek alle fullmakter som tidlegare låg til hovudutval for kultur og fullmaktene knytt til næringsdelen frå hovudutval for plan og næring.
- Fullmaktene knytt til plandelen er flytta frå tidlegare hovudutval for plan og næring til fylkesutvalet. Dette gjeld 2.5.6 – kulepunkt 2 og deler av kulepunkt 5. Desse er no lagt til fylkesutvalet i to nye punkt slik:

2.3.4 FU får fullmakt til å sjå følgjande område i samanheng:

- programområde 715 Lokal og regional utvikling
- programområde 716 Friluftsliv, vassregionstyresmakt og forvaltning av vilt og innlandsfisk
- teneste 4802 Folkehelsearbeid.

2.3.5 FU får innan dei rammer og føringar som ligg i budsjettet, fullmakt til å gjere vedtak om tildeling av statlege ordningar for førebyggjande folkehelsearbeid, friluftsliv, hjortevilttiltak og lokale villttiltak.

Det vert vidare lagt opp til tilsvarande justering av tekstomtalanene i budsjettboka; Næring og kultur vert omtala som ein sektor, og plandelen vert omtala under sektoren politisk styring, plan og forvaltning.

Fylkesrådmannen presiserer at det her er snakka om budsjett-tekniske justeringar pga. vedteken politisk omorganisering. Det vil likevel vere ryddig at også desse justeringane vert vedtekne.

Tilråding

Finansutvalet sluttar seg til justeringane i budsjettreglement, sektorinndeling og budsjetttrammer som følgje av den nye politiske organiseringa.

2.2 Investeringsbudsjettet – rassikring fv. 633 Kleiva i Selje kommune

Det er omfattande skader på dei to eksisterande rasoverbygga Kleiva I og Kleiva II. Prosjektet låg inne i investeringsprogrammet med ei løyving på 5 mill. kr i 2016 og 38 mill. kr i 2017. Statens vegvesen har no kome til at det ikkje let seg gjere å bygge rasoverbygga som føresett. Dette er både grunna i ei HMS-vurdering av risiko for personskade ved bygging og vurdering av kostnad.

SVV tilrår å legge vegen i tunnel forbi Kleiva, og vil koma attende med kostnad for dette i løpet av november. Dette vil i så fall bli eit nytt rassikringsprosjekt, og vil kunne finansierast med statlege rassikringsmidlar. Prosjektet må vurderast opp mot andre alt prioriterte rassikringsprosjekt på fylkesvegnettet.

Fylkesrådmannen vil kome attende til dette i ei eiga sak til fylkestinget når Statens vegvesen har vurdert moglege løysingar og tilhøyrande kostnader.

Prosjektet vert teke ut av investeringsprogrammet i si noverande form. Fylkesrådmannen tilrår at tilhøyrande løyving førebels vert sett på ein ufordelt post som hovudutvalet ev. kan disponere til andre mindre investeringar når denne saka har funne si løysing.

Tilråding

Prosjektet rassikring fv. 633 Kleiva i Selje kommune vert teken ut av investeringsprogrammet i si noverande form. Tilhøyrande løyving vert førebels sett på ein ufordelt post som hovudutvalet ev. kan disponere til andre mindre investeringar når denne saka har funne si løysing.

2.3 Opplæringssektoren – vedlikehald og drift av skulebygg

I samband med investeringsløyvinga til «Miljøprosjekt - ufordelt» vart det lagt inn føresetnader om reduksjon i dei årlege kostnadane knytt til energiforbruk på skulane. Investeringane var i utgangspunktet planlagd gjennomført i åra 2014-18. Investeringsløyvinga består av fleire mindre delprosjekt som har som føremål å redusere energiforbruket. Det viser seg no at nokre av delprosjekta vert skyvd ut i tid. Den planlagde gevinsten vi får med meir energieffektive bygg må difor også forskyvast i tid. I økonomiplanen ligg det inne ein reduksjon på 0,6 mill. kr årleg i åra 2016 og 2017 og denne føresetnaden må reverserast. Etter oppdatert framdrift på investeringane

legg fylkesrådmannen opp til at innsparinga vert teken ut med ei opptrapping på 0,3 mill. kr i åra 2016-18. Den endelege reduksjonen i 2019 vert på same nivå som tidlegare føreset.

Tilråding

Budsjettet til energi på skulane vert tilpassa justert framdrift på miljøinvesteringane.

2.4 Organisering av karriererettleiingstenesta

I budsjettsaka til HO (sak 21/15) heiter det i punkt 3.6 Karriererettleiing:

«Økonomiplanen legg til grunn at den fylkeskommunale løyvinga til føremålet fell bort frå hausten 2016. I vedlegg 12 til økonomiplansaka (tilleggsnotat) heiter det m.a.:

«Fylkesrådmannen vil i samband med budsjettarbeidet for 2016 positivt utgreie vidareføring av karriererettleiingstenesta frå hausten 2016 innanfor ramma av det statlege tilskotet og eventuelle bidrag frå partnarskapen. Dette til FU og FT si orientering Fylkesdirektøren er i dialog med partnarskapen om korleis tenesta kan organiserast i framtida. Partnarskapen er samd i at det er mogleg å organisere ei karriererettleiingsteneste innanfor ramma av det statlege tilskotet og eventuelle bidrag frå partnarskapen. Fylkesdirektøren ber om mynde frå hovudutvalet til å organisere tenesta i samarbeid med partnarskapen innanfor den statlege ramma.»

HO slutta seg i vedtaket til fylkesdirektøren si tilråding til konkretisering av budsjettet for 2016, og fylkesrådmannen vil tilrå at finansutvalet legg denne fullmakta inn i sitt framlegg til budsjett 2016/økonomiplan 2016-19.

Tilråding

Fylkesrådmannen får fullmakt til å organisere karriererettleiingstenesta i samarbeid med partnarskapen innanfor ramma av det statlege tilskotet og eventuelle bidrag frå partnarskapen.

2.5 Regulering av busskontraktar

I samband med neste anbod på buss går fylkeskommunen over frå å regulere kostnadane ein gong pr. år til to gongar. Formålet er å redusere risikoen for operatør slik at vi som oppdragsgjevar unngår at operatørane «sikrar seg» og såleis gjev oss eit dyrare tilbod. Utfordringa med dette er at to reguleringar aukar usikkerheita i eit budsjettår ved at vi får ei prisregulering midt i budsjettåret. Fylkesrådmannen trur likevel at ei slik omlegging vil gje ein positiv vinst på sikt.

Tilråding

Finansutvalet tek orienteringa til vitande.

3 SALDERING

3.1 Samla salderingsutfordring – 2016-19:

	2016	2017	2018	2019
Ubalanse etter a-dok 6:	-63,8	2,6	-9,1	-22,9
Vurderingar i a-dok 7:				
Auka ramme til opplæring - redusert innsparing straum	0,3	0,6	0,3	
Auka ramme til HPN - reversert rammereduksjon	2,8			
Endring i skatt og rammetilskot		0,5	-6,0	-17,6
Totalbalanse	-60,7	3,7	-14,8	-40,5

Tabellen over viser at vi med gjeldande føresetnader ligg an til overskot alle år i planperioden, med unntak av 2017. Dette er positivt, men vi finn det naudsynt å minne om at dette resultatet føreset at ein del sentrale føresetnader vert realiserte.

I gjeldande økonomisk opplegg ligg det inne føresetnad om at vi får auka tapskompensasjonen med 22,5 mill. kr frå 2017, akkumulert til 67,5 mill. kr i 2019. Om dette påverknadsarbeidet ikkje lukkast, vil den samla salderingsutfordringa auke tilsvarande.

Vidare er det førebels ein del av innsparingskrava på sektorane som ikkje er konkretiserte i form av tiltak/planar. Uspesifiserte innsparingskrav på sektornivå kan oppsummerast slik:

Uspesifiserte innsparingskrav	2017	2018	2019
Forvaltning	0,1	0,1	10,0
Opplæring		4,5	29,5
Tannhelse	3,2	8,7	8,7
Plan og Næring	4,8	4,8	5,2
Kultur	0,5	0,5	0,5
Samferdsle (vegsektoren)		8,9	16,0
Sum innsparingskrav i saldert økonomiplan	8,6	27,5	69,9

Og sist, men ikkje minst, er det heilt sentralt at dei alt konkretiserte innsparingstiltaka faktisk vert sett i verk og at dei gjev forventa innsparingseffekt.

3.2 Sluttsaldering

Med bakgrunn i omfanget av dei førebels uavklarte føresetnadane og dei store omstillingane det er snakk om, er det svært sannsynleg at vi enkelte år ikkje kjem heilt i mål med å realisere store nok innsparingar.

Det er vesentleg at fylkeskommunen evner å gjere opp rekneskapen i balanse dei komande åra slik at vi ikkje skyv føre oss underskot som må løysast i tillegg til dei årlege salderingsutfordringane.

Fylkesrådmannen tilrår difor at dei budsjetterte overskota i salderingstabellen over vert sett av til bufferfondet i påvente av nærare avklaring av m.a. framtidig tapskompensasjon og for å møte framtidige driftsutfordringar i samband med iverksetjing av naudsynte langsiktige innsparingstiltak.

Tilråding

Framlegg til budsjett 2016/økonomiplan 2016-19 vert saldert mot bufferfondet.

3.3 Bufferfondet

Justert for tilrådde endringar i perioden kan tilgjengeleg kapital på bufferfondet framstillast slik:

Bufferfond	Beløp
IB pr. 1.1 2015	115,6
2015-transaksjonar	
Lokale inntekter til driftsføremål over 65/60 mill. kr	10,1
Saldering av budsjettert overskot 2015/16	6,3
FT-sak 5/15 - avsett til aktivitetsfond - utgreiingsarbeid regionreform	-0,5
FT-sak 48/14 Sogn JHS - planleggingsmidlar	-0,5
FT-sak 11/15 - Avsett rekneskapsoverskot 2014	43,5
FT-sak 25/15 - Auka utbytte	22,1
FT-sak 25/15 - Avsetting i T1/15	13,5
FT-sak 38/15 - Bruk av fondsmidlar (svikt i konsesjonskraftinntekter)	-1,8

UB pr. 31.12.2015	208,4
B-2016	
Budsjettert kapitaltilførsle i planperioden (2016-19)	28,2
Kapitaltilførsle som følgje av tilrådd sluttsaldering av framlegg til B/øpl.	112,3
Vedteke minimumsnivå på bufferfondet	-70,0
Reservert i høve framtidige utfordringar i samband med omstillinga	278,9

Det reserverte beløpet er etter dette oppe i 278,9 mill. kr. Det er to ting som er sentrale å merke seg i høve dette beløpet:

- Budsjettert kapitaltilførsle i planperioden er m.a. avhengig av at vi får auka tapskompensasjon i planperioden. Viss ikkje, vil denne føresetnaden aleine redusere tilgjengeleg kapital i planperioden med 135 mill. kr, og i tillegg vil vi sitte att med ei årleg salderingsutfordring frå 2019 på om lag 70 mill. kr. I dette perspektivet vil attståande kapital på bufferfondet berre dekke om lag to års utsetting av ei slik salderingsutfordring.
- Midlane på bufferfondet er eingongsmidlar, dei vil difor ikkje kunne nyttast til å redusere innsparingskrava for å få samsvar mellom årlege driftsrammene og nye inntektsrammer.

Den tilgjengelege kapitalen på bufferfondet kan eventuelt nyttast til eingongstiltak. Det mest aktuelle tiltaket, slik fylkesrådmannen ser det, vil vere å betale ned på langsiktig lånegjeld og gjennom det redusere dei årlege kapitalutgiftene. Fylkesrådmannen finn det likevel ikkje forsvarleg å disponere desse midlane før i det minste føresetnaden om auka tapskompensasjon er avklart.

Tilråding

Tilgjengeleg overskotskapital på bufferfondet vert førebels reservert i høve framtidige driftsutfordringar i samband med iverksetjing av langsiktige innsparingstiltak.

Om tapskompensasjonen vert auka som føreset, kan det vurderast å nytte deler av beløpet på bufferfondet til gjeldssannering.

4 ARBEIDET MED ØKONOMIPLAN 2017-20

I eit eige kapittel i budsjettboka vert vidare arbeid med budsjett/økonomiplan skissert. Som grunnlag for dette, vil fylkesrådmannen her kort skissere tilrådde rammer for dette arbeidet.

Budsjett- og økonomiplanarbeidet har vore og er framleis sterkt prega av den økonomiske situasjonen Sogn og Fjordane fylkeskommune er inne i. Som følgje av dette justerte vi hausten 2014 rammene for dette arbeidet noko. I arbeidsdokument 5/15 gav finansutvalet si tilslutning til at desse justeringane vart vidareførte. Dette inneber mellom anna at budsjettarbeidet i åra framover vert delt i to prosessar; budsjettprosess om hausten og økonomiplanprosess om våren.

I tråd med dette har vi no i haust hatt fokus på å utarbeide detaljbudsjett for 2016 og vidare konkretisere naudsynte føringar for å få balanse i budsjettet for 2017. Arbeidet har vore basert på dei rammer og føringar som vart vedtekne i gjeldande økonomiplan i juni 2015.

På nyåret startar vi opp att arbeidet med økonomiplanen – der hovudmålet er å dra dei meir langsiktige linene for den økonomiske utviklinga. Det vil såleis vere økonomiplanarbeidet om våren som vert arena for å ta dei overordna grepa på tvers av sektorane og å gjere eventuelle justeringar i rammene for den enkelte sektor.

Vidare prosess for omstillingsarbeidet fram mot juni 2016

Som grunnlag for den komande økonomiplanprosessen har fylkesrådmannen førebels fått i oppdrag å gjennomføre følgjande utgreiingar med leveringsfrist våren 2016:

- Ny driftsstandard på fylkesvegnettet (inkl. Heim for ein 100-lapp og tilskot til kommunalt trafikktryggleiksarbeid) (#45)
- Tannhelsetenesta (#22)
- IKT-tenestene (#53)
- Folkehelsearbeidet (#51)
- Løn- og rekneskapstenestene (#54)
- Sentraladministrasjon; roller og storleik (#57)
- Driftsteknikartenestene (#55)
- Reinhaldartenestene (#56)

Opplæring:

- Rådgeving ut over avtalefesta nivå (#7)
- Oppfølging av kostnadskrevjande tiltak i handlingsprogrammet (#9)
- Leiingsressurs ut over avtalefesta nivå (#10)
- Sommarskule (#11)
- Rekruttering og kompetanseutvikling for pedagogisk personale (#12)
- Omstillings- og seniortiltak for pedagogisk personale (#13)
- Stimuleringstiltak i fag- og yrkesopplæringa (#17)
- E-pedagogressurs ved dei vidaregåande skulane (#58)

Arbeidsdeling mellom politisk og administrativt nivå:

Fylkesrådmannen si oppfatning er at arbeidsforma vi nytta i høve utarbeidinga av økonomiplan 2016-19 var god. Attendemeldingar frå politisk nivå stettar denne oppfatninga. Fylkesrådmannen tilrår difor at denne arbeidsforma vert vidareført i komande økonomiplanprosess. Arbeidsdelinga mellom politisk og administrativt nivå, prosess og framdrift kan ut frå dette skisserast slik:

Dato	Arbeidsoppgåver	Politisk nivå	Adm. nivå
04.11.2015	Finansutvalet godkjenner skisse til prosess og framdrift	FINU	
Nov-mars	Administrativ utgreiingsfase		FRM
Mars 2016	Framlegging av utgreiingsrapportar – utan tilrådingar/konklusjon	FINU	
April 2016	Orientering om administrative utgreiingar for eit samla fylkesting. Påfølgjande møte i hovudutvala.	FT HU	
Medio mai	Framlegging av kommuneproposisjonen 2017	KMD	FRM
Mai 2016	Utsending av fylkesrådmannen sitt framlegg til økonomiplan 2017-20		FRM
Juni 2016	Hovudutvala si handsaming	HU	
Juni 2016	Fylkesutvalet si handsaming	FU	
Juni 2016	Fylkestinget si slutthandsaming	FT	

Administrativ utgreiingsfase: I denne perioden gjennomfører fylkesrådmannen dei utgreiingane finansutvalet har definert. Utgreiingsarbeidet vert berre tema mot finansutvalet i den grad det er behov for avklaringar, og/eller om det skjer endringar i vedtekne framdriftsplanar.

Politiske prioriteringar: Når utgreiingane er ferdige, vert dei først presentert for finansutvalet. I denne presentasjonen skal ikkje fylkesrådmannen «meine noko», berre prøve å få fram kva konsekvensar utgreiingane viser (økonomiske, administrative og andre). Politisk side får så høve til å sjå resultatet av alle utgreiingane samla og vurdere konsekvensane av utgreiingane opp mot kvarandre. Dette vil sikre det overordna perspektivet i prioriteringane.

For å sikre ei god forankring av utgreiingane vert det vidare lagt opp til ei fellesorientering for heile FT med påfølgjande møte i hovudutvala medio mai. Det vil då vere aktuelt å presentere materialet som vart lagt fram for finansutvalet, samt orientere om innhaldet i den då

framlagde kommuneproposisjonen. I etterkant av orienteringa vert det lagt opp til at hovudutvala får gjere strategiske val og interne prioriteringar på eigne sektorar.

Utsending av fylkesrådmannen sitt framlegg til økonomiplan 2017-20: Som i 2015 vert det lagt opp til at fylkesrådmannen kjem med eit samla administrativt framlegg som grunnlag for politisk handsaming. Dette sikrar at det politiske nivået får forhalde seg til eit samla opplegg, samstundes som fylkesrådmannen får høve til å gje uttrykk for ei samla administrativ prioritering. Fylkesrådmannen kjem med sitt framlegg på «fritt grunnlag», men vil sjølvstøtt – så langt råd er – forhalde seg til hovudutvala sine prioriteringar og finansutvalet sine ev. merknader. Hovudutvala sine prioriteringsvedtak vil følgje det administrative saksframlegget.

Politisk slutthandsaming: Det vert så lagt opp til ordinær politisk slutthandsaming av framlegget, der hovudutvala og andre får høve til å kome med sine tilrådingar før saka vert handsama i fylkesutval og fylkesting.

Medverknad og informasjon

Det vert lagt opp til medverknad tilsvarande som i økonomiplanprosessen 2016-19. Dette inneber at dei tilsette sine representantar får god informasjon om utgreiingsarbeidet og -rapportane. Fylkesrådmannen orienterer dei fylkeshovudtillitsvalde om utgreiingsområda og prosessen skissert i dette arbeidsdokumentet på eit eige informasjons- og drøftingsmøte.

Dei tillitsvalde vert inviterte til å kome med innspel/merknader til det administrative utgreiingsarbeidet. I samband med sluttrapportane frå utgreiingsarbeidet vert desse innspela og ev. eksterne innspel lagt ved og synleggjort overfor politisk side.

Tilråding

Finansutvalet sluttar seg til fylkesrådmannen sitt framlegg til arbeidsdeling og -plan i høve føreståande økonomiplanprosess. Dette inneber mellom anna at fylkesrådmannen får i oppdrag å:

- o Gjennomføre dei utgreiingar som er fastsette.
- o Kome med administrativt framlegg til økonomiplan 2017-20 som grunnlag for politisk handsaming.

Finansutvalet tek dei tillitsvalde sin medverknad i omstillingsarbeidet til vitande.

5 FRAMLEGG TIL BUDSJETT 2016/ØKONOMIPLAN 2016-19

Fylkesrådmannen tilrår at finansutvalet no vedtek det *salderingsmessige opplegget* som er utarbeidd gjennom finansutvalet sin budsjettprosess. Tilhøyrande tekstar (tekstboka) vert så produsert med grunnlag i vedtaka i finansutvalet, og sjølv tekstdokumentet vert grunnlaget for den politiske slutthandsaminga av budsjett/økonomiplan i hovudutval, fylkesutval og fylkesting.

Med utgangspunkt i dette kan finansutvalet sitt framleggsvedtak utformast slik:

- A. Det utarbeidde salderingsframlegget som følgjer av arbeidsdokumenta 5-7/15, med dei fleirtalsvedtak som følgjer av handsaminga av arbeidsdokument 7/15, vert fremja som finansutvalet si tilråding til budsjett 2016/økonomiplan 2016-19.
- B. Fylkesrådmannen får fullmakt til å utforme tilhøyrande tekstbudsjett før utsending til hovudutvala.
- C. Vedtak tilpassa førebels saldering:

Finansutvalet rår hovudutvala til å gje slik tilråding:

Hovudutvala rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Dokumentet "Budsjett 2016/økonomiplan 2016-19" utgjør det overordna styringsdokumentet for den fylkeskommunale verksemda for åra 2016-19.
2. Budsjettreglementet vert vedteke slik det ligg føre i dokumentet "Budsjett 2016/økonomiplan 2016-19".
3. Driftsbudsjettet for 2016 og tilhøyrande økonomiplan vert vedteke i samsvar med obligatorisk budsjettskjema 1A og 1B. Dette inneber at 2 153,076 mill. kr til driftsføremål vert fordelt på sektornivå slik i 2016 (tekst delvis på bokmål pga. direktekopiering frå bokmålskjema):

	Programområde	Budsjett 2016
400	Politisk styring	41,397
410	Kontroll og revisjon	4,289
420	Administrasjon	77,299
421	Forvaltningsutgifter i eiendomsforvaltningen	9,370
430	Administrasjonslokaler	6,108
460	Tjenester utenfor ordinært fylkeskommunalt ansvarsområde	0,675
480	Diverse fellesutgifter	11,403
715	Lokal og regional utvikling	11,863
716	Friluftsliv og miljø	5,756
	Sum forvaltning	168,160
510	Skolelokaler og internatbygninger	103,522
515	Fellesutgifter og støttefunksjoner knyttet til videregående opplæring	66,495
520	Pedagogisk ledelse, pedagogiske fellesutgifter og gjesteelevsoppgjør	120,419
521-532	Utdanningsprogramma	331,951
554	Fagskole	24,329
559	Landslinjer	4,955
561	Oppfølgingstjenesten og pedagogisk psykologisk tjeneste	20,385
562	Spesialundervisning og særskilt tilpasset opplæring	70,203
570	Fagopplæring i arbeidslivet	99,533
581	Voksenopplæring etter opplæringsloven	5,706
590	Andre formål	9,936
	Resultatoverføring opplæring	
	Sum opplæring	857,434
660	Tannhelsetjeneste - fellesfunksjoner	18,089
665	Tannhelsetjeneste - pasientbehandling	63,557
	Resultatoverføring tannhelse	
	Sum tannhelse	81,646
700	Tilrettelegging og bistand for næringslivet	0
701	Tilrettelegging, støtte-/finansieringsbistand næringslivet	78 803
740	Bibliotek	5,882
750	Kulturminnevern	13,148
760	Musèer	16,477
771	Kunstformidling	9,943
772	Kunstproduksjon	11,490
775	Idrett	3,293
790	Andre kulturaktiviteter	11,187
	SUM NÆRING og KULTUR	150,223

722	Fylkesveier, miljø- og trafikksikkerhetstiltak	445,447
730	Bilruter	264,029
731	Fylkesveiferjer	115,963
732	Båtruter	107,875
733	Transport (ordninger) for funksjonshemmede	10,299
	Sum samferdsle	943,613
	Korreksjon utg/innt ført ansvar 900:930	48,000
	Til fordeling drift - frå skjema 1A	2 153,076

Innan driftsbudsjettet får hovudutvala høve til å endre fordelinga av rammene i tråd med fullmakter gjevne i budsjettreglementet.

Hovudutvala sine vedtak må tilpassast dei føringar som ligg i FT sitt budsjettvedtak.

Hovudutval for opplæring får fullmakt til å godkjenne mandatet, og kome med framlegg til prinsipielle føringar for utgreiinga *innsparingspotensiale i tilbodsstruktur (#59)*.

Fylkesrådmannen får fullmakt til å organisere karriererettleiingstenesta i samarbeid med partnerskapen innanfor ramma av det statlege tilskotet og eventuelle bidrag frå partnerskapen.

I høve sluttsaldering av kostnader knytt til brannen i Skatestraumtunnelen får fylkesrådmannen fullmakt til å saldere avrekning av tildelt skjønstilskot frå KMD og eventuell erstatning frå eigar av vogntoget si ansvarsforsikring mot skadefondet for fylkesvegnettet.

4. Kapitalbudsjettet for 2016 og tilhøyrande økonomiplan vert vedteke i samsvar med obligatorisk budsjettskjema 2A og 2B. Dette inneber følgjande finansiering og sektorfordeling i 2016:

	Budsjett 2016
Investeringer i anleggsmidler	607,071
Kjøp av aksjer og andeler	2,000
Årets finansieringsbehov	609,071
Finansiert slik:	
Bruk av lånemidler	311,000
Tilskudd til investeringer	145,300
Kompensasjon for merverdiavgift	102,106
Mottatte avdrag på utlån og refusjoner	7,900
Sum ekstern finansiering	566,306
Overført fra driftsbudsjettet	18,145
Bruk av avsetninger	24,620
Sum finansiering	609,071

Sektorfordeling	
Forvaltning og fellesutgifter	11,400
Opplæring	198,871
Tannhelse	4,000
Samferdsle	391,400
Kultur	3,400
Sum fordelt - frå 2A	609,071

5. Økonomiplanen sine rammer for 2017-19 skal i utgangspunktet leggjast til grunn for arbeidet med neste års budsjett og økonomiplan.

6 VIDARE ARBEID

På møtet 4. november må finansutvalet vedta samla salderingsopplegg for budsjett 2016 økonomiplan 2016-19. Fylkesrådmannen skal utforme tilhøyrande tekstdokument før finansutvalet sitt framlegg vert lagt fram for ordinær politisk slutthandsamning slik:

23. november: Politikardag.
24. november: Hovudutvalshandsaming
25. november: Fylkesutvalshandsaming
8.-9. desember: Fylkestingshandsaming.

Tore Eriksen
fylkesrådmann

Eli Nes Killingrød
økonomisjef

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:

1. Arbeidsdokument 6/15 – presentasjon for finansutvalet 12. oktober 2015

Kopi til:

Fylkestinget
Fylkesrådmannen si leiargruppe
Budsjettgruppa

::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓

TILRÅDDE VEDTAK I ARBEIDSDOKUMENT 7/15

1 ENDRINGAR SOM FØLGJE AV FRAMLEGG TIL STATSBUJSJETT 2016

1.1 Rammetilskot og skatt

Tilråding

Ny prognose for frie inntekter vert innarbeidd i det økonomiske opplegget.

1.2 Rammekonsekvensar av reduksjon i KMD-midlane

Tilråding

Sektorramma som låg til grunn for tidlegare plan og næring vert nominelt vidareført på budsjettert nivå i 2016. Ramma frå 2017 vert redusert med 2,8 mill. kr. Reduksjonen vert fordelt høvesvis mellom området plan og området næring.

1.3 Musea i Sogn og Fjordane - Måløyraidsenteret

Tilråding

Musea i Sogn og Fjordane må gjere ei vurdering av om den samla driftsøkonomien tillet å ta på seg drifta av Måløyraidsenteret.

Med grunnlag i ei slik vurdering vil fylkeskommunen handsame ein søknad om investeringstilskot for å få på plass dei siste 0,8 mill. kr for å realisere Måløyraidsenteret.

2 ANDRE SAKER

2.1 Konsekvensar av ny politisk organisering

Tilråding

Finansutvalet sluttar seg til justeringane i budsjettreglement, sektorinndeling og budsjetttrammer som følgje av den nye politiske organiseringa.

2.2 Investeringsbudsjettet – rassikring fv. 633 Kleiva i Selje kommune

Tilråding

Prosjektet rassikring fv. 633 Kleiva i Selje kommune vert teken ut av investeringsprogrammet i si noverande form. Tilhøyrande løyving vert førebels sett på ein ufordelt post som hovudutvalet ev. kan disponere til andre mindre investeringar når denne saka har funne si løysing.

2.3 Opplæringssektoren – vedlikehald og drift av skulebygg

Tilråding

Budsjettet til energi på skulane vert tilpassa justert framdrift på miljøinvesteringane.

2.4 Organisering av karriererettleiingstenesta

Tilråding

Fylkesrådmannen får fullmakt til å organisere karriererettleiingstenesta i samarbeid med partnerskapen innanfor ramma av det statlege tilskotet og eventuelle bidrag frå partnerskapen.

2.5 Regulering av busskontraktar

Tilråding

Finansutvalet tek orienteringa til vitande.

3 SALDERING

3.1 Samla salderingsutfordring – 2016-19

3.2 Sluttsaldering

Tilråding

Framlegg til budsjett 2016/økonomiplan 2016-19 vert saldert mot bufferfondet.

3.3 Bufferfondet

Tilråding

Framlegg til budsjett 2016/økonomiplan 2016-19 vert sluttsaldert mot bufferfondet.

Tilgjengeleg overskotskapital på bufferfondet vert førebels reservert i høve framtidige driftsutfordringar i samband med iverksetjing av langsiktige innsparingstiltak.

Om tapskompensasjonen vert auka som føreset, kan det vurderast å nytte deler av beløpet på bufferfondet til gjeldssannering.

4 ARBEIDET MED ØKONOMIPLAN 2017-20

Tilråding

Finansutvalet sluttar seg til fylkesrådmannen sitt framlegg til arbeidsdeling og -plan i høve føreståande økonomiplanprosess. Dette inneber mellom anna at fylkesrådmannen får i oppdrag å:

- o Gjennomføre dei utgreiingar som er fastsette.
- o Kome med administrativt framlegg til økonomiplan 2017-20 som grunnlag for politisk slutthandsaming.

Finansutvalet tek dei tillitsvalde sin medverknad i omstillingsarbeidet til vitande.

5 FRAMLEGG TIL BUDSJETT 2016/ØKONOMIPLAN 2016-19

Med utgangspunkt i dette kan finansutvalet sitt framleggsvedtak utformast slik:

- A. Det utarbeidde salderingsframlegget som følgjer av arbeidsdokumenta 5-7/15, med dei fleirtalsvedtak som følgjer av handsaminga av arbeidsdokument 7/15, vert fremja som finansutvalet si tilråding til budsjett 2016/økonomiplan 2016-19.
- B. Fylkesrådmannen får fullmakt til å utforme tilhøyrande tekstbudsjett før utsending til hovudutvala.
- C. Vedtak tilpassa førebels saldering:

Finansutvalet rår hovudutvala til å gje slik tilråding:

Hovudutvala rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Dokumentet "Budsjett 2016/økonomiplan 2016-19" utgjer det overordna styringsdokumentet for den fylkeskommunale verksemda for åra 2016-19.
2. Budsjettreglementet vert vedteke slik det ligg føre i dokumentet "Budsjett 2016/økonomiplan 2016-19".
3. Driftsbudsjettet for 2016 og tilhøyrande økonomiplan vert vedteke i samsvar med obligatorisk budsjettskjema 1A og 1B. Dette inneber at 2 153,076 mill. kr til driftsføremål vert fordelt på sektornivå slik i 2016:

	Programområde	Budsjett 2016
400	Politisk styring	41,397
410	Kontroll og revisjon	4,289
420	Administrasjon	77,299
421	Forvaltningsutgifter i eiendomsforvaltningen	9,370
430	Administrasjonslokaler	6,108
460	Tjenester utenfor ordinært fylkeskommunalt ansvarsområde	0,675
480	Diverse fellesutgifter	11,403
715	Lokal og regional utvikling	11,863
716	Friluftsliv og miljø	5,756
	Sum forvaltning	168,160
510	Skolelokaler og internatbygninger	103,522
515	Fellesutgifter og støttefunksjoner knyttet til videregående opplæring	66,495
520	Pedagogisk ledelse, pedagogiske fellesutgifter og gjesteelevsoppgjør	120,419
521-532	Utdanningsprogramma	331,951
554	Fagskole	24,329
559	Landslinjer	4,955
561	Oppfølgingstjenesten og pedagogisk psykologisk tjeneste	20,385
562	Spesialundervisning og særskilt tilpasset opplæring	70,203
570	Fagopplæring i arbeidslivet	99,533
581	Voksenopplæring etter opplæringsloven	5,706
590	Andre formål	9,936
	Resultatoverføring opplæring	
	Sum opplæring	857,434
660	Tannhelsetjeneste - fellesfunksjoner	18,089
665	Tannhelsetjeneste - pasientbehandling	63,557
	Resultatoverføring tannhelse	
	Sum tannhelse	81,646
700	Tilrettelegging og bistand for næringslivet	0
701	Tilrettelegging, støtte-/finansieringsbistand næringslivet	78 803
740	Bibliotek	5,882
750	Kulturminnevern	13,148
760	Musèer	16,477
771	Kunstformidling	9,943
772	Kunstproduksjon	11,490
775	Idrett	3,293
790	Andre kulturaktiviteter	11,187
	SUM NÆRING og KULTUR	150,223
722	Fylkesveier, miljø- og trafikksikkerhetstiltak	445,447
730	Bilruter	264,029
731	Fylkesveiferjer	115,963
732	Båtruter	107,875
733	Transport (ordninger) for funksjonshemmede	10,299
	Sum samferdsle	943,613
	Korreksjon utg/innt ført ansvar 900:930	48,000
	Til fordeling drift - frå skjema 1A	2 153,076

Innan driftsbudsjettet får hovudutvala høve til å endre fordeling av rammene i tråd med fullmakter gjevne i budsjettreglementet.

Hovudutvala sine vedtak må tilpassast dei føringar som ligg i FT sitt budsjettvedtak.

Hovudutval for opplæring får fullmakt til å godkjenne mandatet, og kome med framlegg til prinsipielle føringar for utgreiinga *innsparingspotensiale i tilbodsstruktur (#59)*.

Fylkesrådmannen får fullmakt til å organisere karriererettleiingstenesta i samarbeid med partnerskapen innanfor ramma av det statlege tilskotet og eventuelle bidrag frå partnerskapen.

I høve sluttsaldering av kostnader knytt til brannen i Skatestraumtunnelen får fylkesrådmannen fullmakt til å saldere avrekning av tildelt skjønstilskot frå KMD og eventuell erstatning frå eigar av vogntoget si ansvarsforsikring mot skadefondet for fylkesvegnettet.

6. Kapitalbudsjettet for 2016 og tilhøyrande økonomiplan vert vedteke i samsvar med obligatorisk budsjettskjema 2A og 2B. Dette inneber følgjande finansiering og sektorfordeling i 2016:

	Budsjett 2016
Investeringer i anleggsmidler	607,071
Kjøp av aksjer og andeler	2,000
Årets finansieringsbehov	609,071
Finansiert slik:	
Bruk av lånemidler	311,000
Tilskudd til investeringer	145,300
Kompensasjon for merverdiavgift	102,106
Mottatte avdrag på utlån og refusjoner	7,900
Sum ekstern finansiering	566,306
Overført fra driftsbudsjettet	18,145
Bruk av avsetninger	24,620
Sum finansiering	609,071

Sektorfordeling	
Forvaltning og fellesutgifter	11,400
Opplæring	198,871
Tannhelse	4,000
Samferdsle	391,400
Kultur	3,400
Sum fordelt - frå 2A	609,071

7. Økonomiplanen sine rammer for 2017-19 skal i utgangspunktet leggjast til grunn for arbeidet med neste års budsjett og økonomiplan.

::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑